

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 21.06.2018

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- GODKJENNING AV MØTEBOK
- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- DRIFTSRAPPORT 1. TERTIAL 2018
- STATUSRAPPORT FINANSFORVALTNING 1. TERTIAL 2018
- GODKJENNING AV ÅRSmelding 2017 FOR GULEN KOMMUNE
- GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2017 FOR GULEN KOMMUNE
- SAMARBEID I RANDKOMMUNAR I NORDHORDLAND (INKL. GULEN) - GODKJENNING AV OPPSTART UTGREIINGSPROSJEKT
- GULATINGET. GODKJENNING AV INTENSJONSAVTALE FOR UTVIKLING AV VISNINGSSENTER
- HØYRING. PREHOSPITAL PLAN FOR HELSE BERGEN HF
- WOODINWEST AS. OVERDRAGING AV AKSJAR TIL GULEN OG MASFJORDEN UTVIKLING AS
- HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2019 - 2022
- UNGDOMSSTEGSSTRUKTUREN. FRAMLEGG TIL ARBEIDSGRUPPE, UTGREIING OG PROSESS

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik

kl. 10.

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Kjære alle



Statistikken for folketal i første kvartal for kommunane var ikkje noko lysteleg lesnad for oss i Gulen. Folketalet gjekk ned med 32 personar her i kommunen.

Dette skjer etter fleire år med ein liten vekst. Det er først og fremst utflytting som gjer utslag, pluss at vi har hatt mange dødsfall i kvartalet. Det er gledeleg å sjå at det har vore 8 fødslar, noko som er bra for ein kommune i vår storleik.

Dersom dette er ein trend som fortset framover er det alvorleg for kommunen. Overføringane frå staten er knytt opp til folketalet, og dette kan føre til lågare overføringer, og strammare økonomi.

Men vi må sjå utviklinga framover, og sjå om dette er ein trend, eller om det er noko spesielt no som gjer dette. Vi må berre fortsette det arbeidet vi gjer med å tilrettelege for næring og bustadbygging.

Og det er mykje å glede seg over. Skipavika Næringspark AS vart nettopp utpeikt til årets bedrift i Nordhordland og Gulen. Fantastisk utvikling etter forholdsvis kort tid i drift. Likeeins har Dagfinn og Sølvi Ann Midtun motteke mjølkespannet frå Tine. Dette er den høgaste utmerkinga ein kan få for mjølkekvalitet. For å få denne utmerkinga må ein levere elitemjølk samanhengande i 25 år. Det vil sei at ein kvar dag i alle desse åra må ha fullt fokus på kvalitet, og ikkje gleppe ein einaste gong. Fantastiske bedrifter som ser framover og satsar. Skipavika med ein ny reguleringsplan for utvida drift, og Dagfinn og Sølvi Ann med ny robotfjøs, og vidare satsing. Gratulerer, og lykke til vidare til dykk begge.

Sommaren kjem med stormskritt no, ferietid og litt tid i lag med familie. Dette er eit kjäerkome avbrekk frå ein travl kvardag, og eg vil ynskje dykk alle ein god sommar i lag med dykkar kjære.

Hallvard Oppedal

Utlegging til offentleg ettersyn

Framlegg til **Handlings- og økonomiplan 2019-22** for Gulen kommune, med formannskapet si innstilling, ligg til offentleg ettersyn ved ekspedisjonen i kommunehuset og på www.gulen.kommune.no i perioden **07.06.18-21.06.2018**.

Merknader til saka kan sendast til kommunen pr post eller e-post.

Deler du brønn med naboen? No skal alle små vassforsyningssystem registerast

Innan 01.07.2018 skal alle vassforsyningssystem være registrert hos Mattilsynet. Dette gjeld og dei små vassforsyningane, for eksempel ein brønn som forsynar to hus med drikkevatn. Meir informasjon, og lenke til registreringsskjema, finn du på mattilsynet.no.

Registreringa kan enkelt gjerast frå mobiltelefonen
Registreringa er gratis, og Mattilsynet har utvikla eit enkelt mobiltilpassa skjema til formålet. I skjemaet registerar du vassforsyningssystemet si plassering ved å markere staden i eit kart. Det er berre nokre få tilleggsspørsmål som skal besvarast.

Mange fordeler med å registrere vassforsyningssystemet
Kommunen får tilgang til den registrerte informasjonen fra Mattilsynet. Når kommunen har oversikt over den geografiske plasseringa til dei ulike vassforsyningssistema, kan denne informasjonen brukast vidare, t.d. ved planlegging for bruk av areal rundt brønn og brønnområdet. Oversikta gjer det mogeleg for oss å ta omsyn til drikkevasskjeldene på eit tidleg tidspunkt.

Drikkevatnet skal være trygt – også frå små vannforsyningssystem.
I januar 2017 kom ei ny drikkevassforskrift, som sette tydlegare krav til trygt drikkevatn også frå små vassforsyningssystem.
Har du spørsmål til registreringa? Ta kontakt med Mattilsynet sitt sentralbord på 22 40 00 00, og spør om å få snakke med di lokale avdeling.

Psykisk helsevern for vaksne – Gulen kommune

Anne Karin Derås Haveland byrja i februar som fagleiar 100 % stilling i psykisk helse.

Stillinga omfattar og rusproblematikk. Psykisk helsehjelp er eit gratis tilbod i kommunen og du treng ingen henvising for å ta kontakt. Kontoret til tenesta ligg midlertidig på kommunehuset og har opningstid frå 08.00- 15.30. Frå sommaren

2018 vil kontoret være i same bygg som legekontoret i Eivindvik.



Kva kan vi hjelpe deg med?

Vi er pr i dag ei faggruppe på fem personar. Tenesta gjev hjelp til heimebuande med psykiske lidinger. Hjelpa kan gjevast i heimen eller på kontoret. Det kan være hjelp til :

- Støttesamtalar og omsorg i ei vanskeleg tid
- Råd og rettleiing både til den sjuke og til pårørande
- Praktiske gjemål og meistring av kvardagen reint praktisk
- Hjelp med å skrive søknader, henvise til rett instans i hjelpeapparatet og utarbeiding av individuell plan

Du kan sjølv ringe og gjere avtale. Du kan også sende SMS om du synes det er vanskeleg å ringe, så tek vi kontakt med deg.

Kontaktinformasjon:

Anne Karin Haveland: kontortelefon 57782072, mobil 40401049

Epost:

anne.karin.haveland@gulen.kommune.no

Demenslinjen har nytt

telefonnummer.

Få råd frå fagfolk om Demens. Har du bekymringar eller spørsmål knytt til Demens, kan du ta kontakt med: Demenslinjen 23 12 00 40.

E-post:

demenslinjen@nasjonalforeningen.no
Hukommelsesteamet i Gulen: Miek Norman, tlf. 41 61 09 72 og Oddny Trædal tlf. 95 70 25 51.



Mykje hjort – mange fallvilt

Folk ein snakkar med, seier det har vore mykje hjort å sjå når ein har køyrt langs vegane no i vinter/vår. Sjølvsagt mest i skymring morgon og kveld. Men også har hjorten vore å sjå midt på dagen somme stader.

Nokon seier vi har hatt ein hard vinter dette året. Men eg trur ikkje kulden eller snøen har vore veldig utfordrande for vaksen frisk

hjort. Likevel har det vore vanskeleg for hjorten å finne vatn til tider. Og hjorten trekker ned i låglandet der det er lite snø. Dette er nok ein av grunnane til at det har vore så mykje hjort å sjå.

Det er i 2017 sett meir hjort enn dei 3 åra før. I 2013 vart det sett 6232 dyr som er 20 dyr meir enn i 2017. Men det vart også registrert fleire jegerdagar. Det er vert å merke seg at det er sett rekordmange koller i 2017. Det tyder på at det er eit stort potensiale for reproduksjon og auke i stammen.



Fallvilt

Frå 1. oktober til utgangen av mai er det registrert 69 fallvilt. Dette fordeler seg på 22 påkøyrd av bil og 44 er oppgitt døde som følgje av sjukdom, skade eler andre årsaker. Av dei som er påkøyrd av bil er det søkt etter 3 stk som ikkje er funne. 3 påkøyerde dyr og 2 dyr som er observert sjuke/avmagra er avliva etter søker.

Kvar skjer påkøyrlene

Påkøyrlene er spreidd over store delar av kommunen. Stader som går att er Indre Oppedal, Ytre Oppedal og Instefjordområdet. I Breidvika er 1 dyr påkøyrd og like eis i Rutledal. I Austgulen er 2 dyr påkøyrd. Også langs riksveg 57 Rutledal og mot Dalsøyra har vi nokre påkøyrsler. I Ytre Gulen og søre del av kommunen er det ferrast påkøyrsler.

Fallvilt

Fallvilt som sjølvdauda dyr, er registrert mest i nokre av grendene langs Sognefjorden og noko langs riksveg 57 mot Dalsøyra. Type dyr som er registrert dauda: 25 hodyr, 10 hanndyr og 9 der kjønn ikkje er registrert. Det har krepert 15 kalvar, 11 ungdyr og 17 vaksne. 4 er ikkje registrert alder på. Det har krepert klart mest hodyr og mest vaksne dyr. Det er t.d. krepert 10 vaksne hodyr. Meir om sett hjort og felte hjort kan ein finne på www.hjorteviltregisteret.no. Også fallvilt finn ein data om på portalen.

I skrivande stund har kommunen ikkje fått inn alle vårtelingstala. Desse vil bli lagt ut på heimesida når dei er klare. Det er kome inn søknader om auka avskyting til hausten. Dette tyder på at jegerar og rettshavarar meiner det er for mykje dyr og stammen må reduserast. Tildelinga frå kommunen kjem i løpet av sommaren.

Halvor L. Brosvik

Nominasjon av Gulatingslova til Norges Dokumentarv og UNESCOs Memory of the World liste

Leiar for Gulatinget førebud i desse dagar ein nominasjon av Gulatingslova til Norges Dokumentarv. Dette er den norske UNESCO lista over viktige dokument som har ein universell verdi.

I neste omgang vert det aktuelt å nominere lov boka til UNESCO sin «Memory of the World» liste. Der finn ein viktige dokument i verdshistoria, som Bibelen, Toraene m.m. Av norske dokument som ligg på den internasjonale lista finn vi til dømes Dei Castbergske barnelovene.

Det er den såkalla «Rantzau boka» (Codex Rantzovianus) som skal nominerast. Denne vart i sin tid ført ut av landet, og ligg i dag i

handskriftsavdelinga i Det Kongelige Biblioteket i København.
Dette utgjer noko av ein «nøtt» for den norske UNESCO komiteen; for kva gjer ein når Noregs eldste kjende og bevarte lovsamling (faktisk den eldste kjende og bevarte lovsamlinga i Norden) – ligg i eit anna land? Uansett er lova unik i Europeisk rettstradisjon og fortener ein nominasjon; både til den norske - og til den internasjonale UNESCO lista.

Dagsturar frå Bergen til Gulen i sommar

Det vert i sommar sett opp dagsturar med ekspressbåt direkte frå Bergen til Skjerjehamn og Gulatinget. Om bord skal det følge med vikingarvertar som fortel om vikinghistoria i ytre Sogn. Tilbodet er eit samarbeid mellom selskapet «Lost in Norway», Norled, Skjerjehamn og Gulatinget.

Turen vert promotert av Turistinformasjonen i Bergen. Dersom turen blir ein suksess, vil ein i neste runde vurdere å utvide tilbodet. Reiselivet på Vestlandet er i sterkt vekst. Mange overnatningsplassar og attraksjonar i indre delar av Sogn opplever no så stor pågang at kapasiteten er nær sprengt i høgsesongen. Det gjer at ytre delar av Sogn og Fjordane i større grad enn før er attraktivt som reisemål.

Det må Gulen og andre kystkommunar rigge

seg for, slik at ein får ta del i den vediskapinga dette medfører.

Samarbeid mellom Gulatinget og Gudvangen Vikingmarknad

Under Gudvangen vikingmarknad 17.-22. juli deltek Gulatinget saman med Frendar vikinglag (vikinglag for Ytre Sogn og Sunnfjord).

Dagleg leiar vil halde foredrag om Gulatinget si historie, og om kvinner si juridiske stilling i vikingtida slik vi ser det ut frå lova, for turistane i Gudvangen.

Foredrag vil vere på norsk/engelsk og gå over fleire dagar under. Så har du lyst å oppleve ei ekte vikinglandsby; legg turen til Gudvangen i sommar.



14. – 15. juli

Kom og besök
vikingane!





GULEN KOMMUNE
HISTORISK OG FRAMTIDSRETTA



ÅRSMELDING 2017

FOR

GULEN KOMMUNE

Godkjent av Gulen kommunestyre i K-sak xx/18, datert xx.06.18

POLITISK ORGANISERING

Kommunestyret

Senterpartiet (9): Hallvard H. Oppedal (ordførar), Helga Irene Ellingsen, Lars Atle Larsen, Kristin Margrete Byrknes, Johnny L. Langvatn, Jon Ivar Steine, Lars Magnus Neverdal, Rolf Daniel Midtun, Arnhild Kjellevold
 Høgre (5): Anne-Mette Dahl Andreassen, Stein-Inge Larsen, Bjørn Brekke, Ivar Eide, Kristin Mjanger
 Arbeidarpartiet (3): Odd Harald Eide (varaordførar), Gerd Ingunn Ynnesdal, Rune Håvåg
 Venstre (3): Bjarte Undertun, Daniel Olai Kvernøy, Margrethe Thune Trædal,
 Kristeleg Folkeparti (1): Ingolf Wergeland

Formannskapet

Hallvard H. Oppedal (Sp), Helga Irene Ellingsen (Sp), Ivar Eide (H), Odd Harald Eide (AP), Bjarte Undertun (V)


Hovudutvala

Plan og utvikling: Lars Atle Larsen (Sp, leiar), Rune Håvåg (Ap, nestleiar), Arnhild Kjellevold (Sp), Stein-Inge Larsen (H), Daniel Olai Larsen (V)

Omsorg: Johnny L. Langvatn (Sp, leiar), Merete Å. Misje (Ap, nestleiar), Kristin Margrete Byrknes (Sp), Anne-Mette Dahl Andreassen (H), Ingolf Wergeland (Krf)

Oppvekst: Rolf Daniel Midtun (Sp, leiar), Gerd Ingunn Ynnesdal (Ap, nestleiar), Lars Magnus Neverdal (Sp), Ingvild Høydal (V), Kristin Mjanger (H)

ADMINISTRATIV ORGANISERING





TILBAKEBLIKK PÅ 2017 – SLIK RÅDMANNEN SER DET

Årsmeldinga er administrasjonen sin rapport til kommunestyret om ressursbruk og resultat i året som gjekk. Årsmeldinga er såleis eit av kommunen sine viktigaste styringsdokument.

Økonomisk sett har 2017 vore eit marginalt år, med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 219 770. (mot kr 3,99 mill. året før). Hovudårsaken til dette er noko høgare inntektsside (om lag kr 4 mill.) og noko lågare lågare utgiftsside (kr 1,9 mill.) enn budsjettet, som førte til vesentleg lågare bruk av disposisjonsfond enn rekna med (kr 7,9 mill.). Gulen kommune sin økonomiske handlefridom strammar seg til, noko som inneber at driftssida må korrigeras i åra som kjem.

I 2017 har me jobba med mange større investeringsprosjekt: Omsorgsbustader Dalsøyra, ny barnehage Hovden, utviding Brekke barnehage, utleigebustader Eivindvik, fast dekke/oppgradering på kommunale vegar, bustadfelt Eivindvik, oppgradering av bru på indre Oppedal, snuplass Byrknes. Fleire av desse prosjekta har vore etterspurt og planlagt i fleire år, så det er kjekt å kunne kvittere ut mange god prosjekt.

Av større driftsprosjekt kan det nemnast retaksering av eigedomsskatt og skifte av økonomisystem. Dette er krevjande prosjekt som vart gjennomført med minimalt med innleige av ekstra personell. Kommunen er aktiv innan interkommunalt samarbeid, og Gulen kommune deltek t.d. i velferdsteknologiprosjektet innan pleie og omsorg i lag med kommunane i Nordhordland.

Året 2017 førte med seg nokre historiske hendingar det er verdt å nemne. Den «keltiske» krossen ved Gulen kyrkje vart attreist, og det første felles fylkestingsete for Sogn og Fjordane og Hordaland fann stad i Gulen. Av den meir kuriøse sorten vil eg hugse då Brekke fekk besøk av Tour des Fjords sirkuset.

Årsmeldinga du her får presentert viser at vi jamt over leverer gode tenester til innbyggjarane. Vi har gode, kompetente medarbeidarar som arbeider hardt for at innbyggjarane skal få levert kommunale tenester. Eg er stolt over leveransen for 2017.

Eg vil få takke alle våre samarbeidspartnarar, leiarar, tilsette og tillitsvalde for eit godt samarbeid.

Gulen, 23. mars 2018
Reidun K. Halland
rådmann



ØKONOMISK STATUS

Utviklingstrekk i driftsrekneskapen

(alle tal i kr)	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Auke 2016-17
DRIFTSINNTEKTER						
Brukarteringar	6 898 026	6 811 387	7 786 160	7 822 067	9 120 520	16,6 %
Andre sals- og leigeinntekter	16 013 898	12 724 823	13 372 979	13 568 756	16 104 537	18,7 %
Overføringer med krav til mottakingar	36 427 537	30 281 285	31 015 783	33 482 585	34 435 848	2,8 %
Rammeoverføringer	88 958 081	91 745 466	91 744 958	92 749 447	94 265 368	1,6 %
Andre statlege overføringer	1 609 823	4 437 978	4 774 429	9 648 928	9 064 811	-6,1 %
Andre overføringer	7 103 288	8 256 024	8 855 063	2 263 051	2 574 777	13,8 %
Inntekts- og formueskatt	58 081 669	61 093 026	62 352 564	71 148 126	70 894 196	-0,4 %
Eigedomsskatt	10 784 882	12 029 552	14 980 829	15 246 034	15 295 712	0,3 %
Andre direkte og indirekte skattar	337 733	339 309	350 643	367 130	367 130	0,0 %
Sum driftsinntekter	226 214 937	227 718 850	235 233 408	246 296 124	252 122 898	2,4 %
DRIFTSUTGIFTER						
Lønsutgifter	125 169 386	129 462 299	134 082 259	141 417 676	147 503 359	4,3 %
Sosiale utgifter	32 877 288	31 817 629	32 378 260	29 920 747	32 077 689	7,2 %
Kjøp som inngår i kom. tenesteprod.	27 532 236	28 363 793	28 656 371	34 348 433	34 383 290	0,1 %
Kjøp som erstattar kom. tenesteprod.	23 344 623	20 970 064	21 561 407	23 915 393	26 756 258	11,9 %
Overføringer	14 705 147	12 343 711	11 962 670	13 878 436	17 271 483	24,4 %
Avskrivningar	5 140 947	5 191 351	5 803 424	6 436 409	6 535 253	1,5 %
Fordelte utgifter	-2 293 556	-3 183 303	-2 535 144	-5 436 465	-5 079 384	-6,6 %
Sum driftsutgifter	226 476 071	224 965 544	231 909 247	244 480 629	259 447 949	6,1 %
Brutto driftsresultat	-261 134	2 753 306	3 324 161	1 815 495	-7 325 051	-503,5 %
FINANSINNTEKTER						
Renteinntekter og utbyte	4 744 478	4 352 774	3 052 483	3 055 885	3 087 308	1,0 %
Mottekne avdrag på lån	83 257	154 036	119 240	133 280	99 103	-25,6 %
Sum eksterne finansinntekter	4 827 735	4 506 810	3 171 723	3 189 165	3 186 410	-0,1 %
FINANSUTGIFTER						
Renteutgifter og låneomkostningar	2 166 170	2 280 148	2 079 309	1 909 758	2 424 884	27,0 %
Avdrag på lån	4 306 555	4 336 181	5 248 892	5 248 892	7 088 892	35,1 %
Utlån	226 425	314 035	26 541	2 500	8 744	249,8 %
Sum eksterne finansutgifter	6 699 150	6 930 364	7 354 742	7 161 150	9 522 520	33,0 %
Resultat finanspostar	-1 871 416	-2 423 554	-4 183 019	-3 971 985	-6 336 109	59,5 %
Motpost avskrivningar	5 140 947	5 191 351	5 803 424	6 436 409	6 535 253	1,5 %
Netto driftsresultat	3 008 398	5 521 103	4 944 566	4 279 919	-7 125 907	-266,5 %
Justeringsfaktorar*	4 303 583	4 554 003	6 906 955	236 627	-5 529 286	
Justert netto driftsresultat	-1 295 185	967 100	-1 962 389	4 043 292	-1 596 621	-139,5 %
Rekneskapsmessig resultat	3 621 302	3 214 913	5 355 444	3 994 503	219 770	-25,4 %

*Ekstraordinære inntekter frå kompensasjon frå Wergeland-Halsvik AS (NORM-deponi) 2013-2016. Desse inntektene vert justerte for fordi dei har vore ynskt sett av til fond. Låge inntekter i 2016 skuldast uavklarte tilhøve mellom deponieigar og kommunen om retten til slike midlar frå 2016 og framover, jf. note til årsrekneskapen 2016.

Driftsinntektene

Dei to store inntektspostane er Rammeoverføringer og Inntekts- og formueskatt. Rammeoverføringerne auka med berre 1,6 %, medan kommunen sin del av inntekts- og formueskatten gjekk ned med 0,4 %, etter høg auke året før. Skatteauken på landsbasis var 4,5 %. Skatteinntektene i Gulen var på 100,4 % av landsgjennomsnittet i 2017 mot 104,5 % i 2016 og 101,0 % i 2015.

Eigedomsskatt auka med 0,3 % i 2017, etter tillegg av inntekter frå nye skatteobjekt. Posten Brukarbetalingar auka med heile 16,6 % i 2017, etter berre 0,5 % auke i 2016. Brukarbetalingar ved Gulen sjukeheim utgjer om lag halve inntekta, barnehage- og SFO-betaling utgjer og mykje.

Andre sals- og leigeinntekter auka med 18,7 %, mykje på grunn av auka gebyrinntekter i PLT-eininga.

Posten Overføringer med krav til mottaking auka med 2,8 %. Posten kan variere relativt mykje frå år til år, og inneheld mellom anna sjukelønsrefusjon.

Posten Andre statlege overføringer gjekk ned med 6,1 % i 2017, i hovudsak på grunn av lågare statstilskot til flyktningar.

Posten Andre overføringer auka med kr 311 726 (13,8 %) i 2017. Inntekter frå nyopprettet nasjonal ordning med havbruksfond ga kr 712 000 i inntekt, medan NORM-kompensasjon utgjorde kr 0 i 2017 (mot kr 0,2 mill. i 2016). Rettsleg avgjerd om rett til NORM-kompensasjon framover er venta i 2018.

Samla auka driftsinntektene med 2,4 % i 2017.

Driftsutgiftene


Lønsutgiftene steig med 4,3 % (kr 6,1 mill.), som følgje av generell lønsauke og noko stillingsauke. Sosiale utgifter (arbeidsgjevaravgift og pensjonspremie) auka med 7,2 %, etter nedgang i 2016.

Dei andre hovudpostane, til saman 30,8 % av samla driftsutgifter, auka med 9,2 % (kr 6,7 mill.). Mykje av utgiftsauken var knytt til eingongssatsingar; tilskot til veg til Skipavika utgjorde til dømes over halve auken. Samla auka driftsutgiftene med 6,1 % i 2017.

Finanspostane

Gulen kommune har framleis lågare netto lånegjeld pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet, men lånegjelda er i vekst. Opptak av kr 53 mill. i løn i 2016 ga auka avdrag med kr 1,8 mill. frå 2017. Auka lånegjeld, saman med redusert utbyte frå BKK frå 2015, har dei siste åra gitt aukande negativt resultat av finanspostane, frå om lag kr 0 i 2010 til - kr 6,3 mill. i 2016.

Økonomisk resultat



2017-resultatet var langt under TBU (Teknisk berekningsutval for kommunenesektoren) sin tilrådde standard resultatmargin for ein kommune på 1,75 %. Dette skuldast i stor grad at kommunestyret valde å bruke av tidlegare oppsparte midlar i disposisjonsfondet til å gjennomføre satsingar utover vanleg driftsnivå dette året.

Brutto- og netto driftsresultat

Brutto driftsresultat var -kr 7,3 mill. i 2017. Brutto driftsresultat er mindreforbruket (overskotet) etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar er teke med.

Netto driftsresultat var på -kr 7,1 mill. I netto driftsresultat er finanspostane med, men avskrivningane er "nulla ut". I staden er avdрагa inkludert. Gulen kommune har hatt ganske låg lånegjeld, difor har avskrivningane vore høgare enn netto finanspostar. Dette har gitt kommunen høgare netto driftsresultat enn brutto driftsresultat kvart år frå 2004.

Tiltrådd resultatmargin, 1,75 % (3 % før 2014)

Netto driftsresultat er eit mykje nyttal for korleis kommuneøkonomien utviklar seg. Ein "sunn" kommuneøkonomi inneber ein driftsmargin på minst 1,75 % av brutto

driftsinntekter (om lag det same som eit resultat rundt 0 i privat sektor), utifrå utrekningar gjort av Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (nov. 14). Dette utgjer om lag kr 4,4 mill. for Gulen kommune, som er indikert med den stipla linja i figuren over.

Netto driftsresultat justert for ekstraordinære inntekter (JND)

Justert netto driftsresultat, som viser korleis dei "vanlege" utgiftene er i høve til dei "vanlege" inntektene, var på -kr 1,6 mill. JND har vore ein viktig indikator for Gulen kommune i høve til god langtidsplanlegging. Kommunen har nytta indikatorene på grunn av ein del ekstraordinære inntekter dei siste åra, i hovudsak gjennom NORM-avgifta, som er ein kompensasjon til Gulen kommune for lagring av lågradioaktivt materiale i kommunen (Normally Occured Radioactiv Material). I JND er desse sett vekk frå, mykje fordi det har vore ynskjeleg å ikkje nytte dei i drifta, men setje dei av til fond og nytte dei til særskilde satsingar. I 2017 utgjorde NORM-inntektene kr 0 på grunn av rettstvist om retten til slik kompensasjon. Grunnlaget for framtidig NORM-kompensasjon vert truleg avklart i 2018. Justeringsfaktorane i 2017 gjeld utgiftssida, og inneheld tilskot til veg til Skipavika (kr 3,5 mill.), prosessutgifter knytt til NORM-rettssak (kr 408 044) og nytaksering i samband med eigedomsskatt (kr 1 621 242), til saman kr 5 529 286. Når ein ser vekk frå desse ekstraordinære utgiftene gjekk altså drifta i 2017 med om lag kr 1,6 mill. i meirforbruk, som gjer det naudsynt med balanserande tiltak i åra som kjem.

Rekneskapsmessig resultat (RR)

Rekneskapsmessig resultat er det som står att av netto driftsresultat etter fondsavsettingar og andre årsoppgjersdisposisjonar. RR fortel om kommunestyret sin planlagde pengebruk og forventa inntekter (budsjett) samsvarar med faktisk pengebruk og faktiske inntekter (rekneskap). Resultatmålet skal i teorien vere kr 0 med fullgod økonomistyring, men vil ofte syne noko mindreforbruk på grunn av løyvingar som ikkje fullt ut vart nytta i meldingsåret og rettmessig fokus på å unngå overskridning av utgiftsrammene. Driftsrekneskapen for 2017 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 219 770. Hovudårsaken til dette er noko høgare inntektsside (om lag kr 4 mill.) og noko lågare lågare utgiftsside (kr 1,9 mill.) enn budsjettet, som førte til vesentleg lågare bruk av disposisjonsfond enn rekna med (kr 7,9 mill.). Nokre budsjetterte løyvingar i 2017 som ikkje vart fullt ut nytta/utbetalte dette året, til dømes løyving til veg til Skipavika (kr 2,5 mill.) og nytaksering eigedomsskatt (kr 0,5 mill.), som var planlagd finansierte med bruk av disposisjonsfond, må budsjetterast opp att i 2018.

Disponering av unytta midlar frå 2017 vert gjort i politisk sak om godkjenning av årsrekneskapen, i løpet av 1. halvår 2018.

Driftsavvik fordelt på resultateiningar

Rammeområde	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Rekneskap 2017	Revidert budsjett 2017	Avvik i kroner	Avvik i %
100 Ymse føremål	21 716 060	23 960 116	23 004 864	24 056 496	29 127 367	35 575 000	-6 447 633	-18,1 %
200/250 Oppvekst	4 073 683	3 618 469	3 698 141	3 969 852	3 738 648	4 005 500	-266 852	-6,7 %
211 Brekke barnehage og skule	10 745 512	11 587 954	11 884 361	12 182 819	12 277 388	12 287 000	-9 612	-0,1 %
212 Byrknes barnehage og skule	8 162 185	8 624 725	9 006 354	9 702 307	9 628 371	9 942 800	-314 429	-3,2 %
213 Dalsøyra barnehage og skule	12 429 328	12 299 520	12 421 753	13 017 821	13 012 713	12 568 800	443 913	3,5 %
214 Eivindvik barnehage og skule	12 342 422	12 499 526	12 933 369	14 895 521	16 652 546	15 969 200	683 346	4,3 %
300 Omsorg				7 965 937	8 161 751	8 679 500	-517 749	-6,0 %
310 Helse	14 777 998	16 820 147	15 186 717	9 384 971	10 636 598	10 966 100	-329 502	-3,0 %
355 NAV	1 544 813	2 190 032	2 478 440	5 026 353	5 832 768	5 812 500	20 268	0,3 %
360 Barnevern	2 503 270	2 316 533	2 030 191	2 244 971	2 024 159	2 350 200	-326 041	-13,9 %
371 Eivindvik sone	30 079 161	30 952 987	28 783 854	29 873 953	29 141 798	29 979 400	-837 602	-2,8 %
376 PU-tenesta	10 713 453	12 004 197	13 533 754	14 401 798	15 454 862	13 936 900	1 517 962	10,9 %
377 Sone BBD	14 300 712	16 815 532	17 773 363	18 875 836	19 212 947	19 893 100	-680 153	-3,4 %
400 Plan, landbruk og teknisk	22 589 693	21 972 847	23 823 012	25 948 413	23 764 908	24 705 200	-940 292	-3,8 %
Sum driftsutgifter	165 978 289	175 662 585	176 558 173	191 547 048	198 666 824	206 671 200	-8 004 376	-3,9 %

Avvik i høve til budsjett 2017

Fire av rammeområda hadde meirforbruk - dette vart meir enn vege opp av mindreforbruk på dei ti andre rammeområda. Nokre av avvika vert kommenterte særskilt under:

- Rammeområde 100 Ymse føremål brukte kr 6,4 mill. (18,1 %) mindre enn budsjettert, av dette utgjorde unytta løyvingar til særskilde tiltak som bør budsjettert opp att i 2018 kr 6,0 mill.
- 213 Dalsøyra barnehage og skule brukte kr 0,4 mill. (3,5 %) meir enn budsjettert, som mykje skuldast underbudsjetterte lønsutgifter som burde vore regulert opp.
- 214 Eivindvik barnehage og skule brukte kr 0,7 mill. (4,3 %) meir enn budsjettert, som skuldast at nye spesialpedagogiske tiltak ikkje vart regulert inn i budsjettet.
- 376 PU-tenesta nytta kr 1,5 mill. (23,8 %) meir enn budsjettert. Opp mot kr 1 mill. skulle vore budsjettregulert til andre 3*-område i løpet av året, jf. rapport frå 2. tertial, resten skuldast i stor grad meir bruk av overtid enn budsjettert.

Samla mindreforbruk på rammeområda var 3,9 %. Fem av områda hadde mellom 2,8 og 3,8 % mindreforbruk.

Utviklinga i utgifter frå 2016 til 2017

Driftsutgiftene auka med kr 8,0 mill. i 2017 (4,0 %), etter auke på heile kr 15,0 mill. (8,5 %) i 2016. Åtte av rammeområda hadde auke i 2017, medan seks hadde reduksjon. Høgast auke hadde 100 Ymse føremål (særskilde satsingstiltak), 214 Eivindvik skule og barnehage (framandspråklege og spesialtiltak), 310 Helse (kommunal overtaking av legetenesta) og 376 PU-tenesta (høgare kommunal eigenfinansiering av ressurskrevjande brukarar, noko aktivitetsauke).

Investeringsrekneskapen

Dei samla investeringane i anleggsmidlar har aldri før vore så høge som i 2017, med heile kr 58,0 mill. I tillegg ligg eigenkapitalinnskot i KLP (kr 0,7 mill.), kommunale utlån (kr 2,3 mill. i husbankutlån og -avdrag) og avsettingar (kr 0,4 mill.) på utgiftssida, slik at samla finansieringsbehov vart kr 61,4 mill. Finansieringsbehovet vart dekt inn med lån (kr 44,8 mill.), inntekter frå tomtesal (kr 0,2 mill.), meirverdiavgiftskompensasjon (kr 9,4 mill.), mottekne avdrag og refusjonar (kr 2,8 mill.), tilskot frå andre (kr 1,2 mill.) og bruk av avsettingar (kr 1,3 mill.). Udekka meirforbruk, som må finansierast i 2018, utgjorde kr 1,7 mill.

Større investeringsprosjekt i 2017 var: Omsorgsbustader Dalsøyra (kr 18,0 mill.), ny barnehage Hovden (kr 11,8 mill.), utviding Brekke barnehage (kr 9,3 mill.), utleigebustader Eivindvik (kr 4,5 mill.), fast dekke på kommunale vegar (kr 3,3 mill.), bustadfelt Eivindvik (kr 2,5 mill.), oppgradering av bru på indre Oppedal (2,7 mill.), oppgradering av kommunale vegar (kr 1,4 mill.), snuplass Byrknes (kr 1,2 mill.), tilskot og utlån til investeringar i regi av Gulen kyrkjelege fellesråd (kr 0,8 mill.), eigenkapitalinnskot KLP (kr 0,7 mill.) og IKT-investeringar (kr 0,6 mill.).

Andre viktige investeringsprosjekt i 2017	
Arbeidsbil PLT	Vassforsyningstiltak
Ventilasjonsanlegg Eivindvik skule og Dalsøyra skule	Brannsikring og oppgradering bygg
Sentrumstiltak Eivindvik	Oppmålingsutstyr PLT

Opphavleg investeringsbudsjett for 2016 var på heile kr 22,1 mill. Hovudårsaken til det store avviket mellom budsjettert og utført investeringsnivå var at ei rekke større prosjekt frå 2016 vart overførte til 2017 på grunn av lågare framdrift i 2016 enn lagt opp til. Sjølv med rekordhøge investeringar i meldingsåret vart samla investeringsnivå om lag kr 15 mill. lågare enn i revidert budsjett. Noverande etterslep er planlagt budsjettert inn i 2018, som har eit meir vanleg investeringsnivå frå før (kr 17 mill.).

Balanserekneskapen

Balansen er sterkt påverka av vurderinga av storleiken på kommunen sine framtidige pensjonsplikter. I 2017 auka desse med kr 14,8 mill., til kr 350,9 mill. Dei utrekna

pensjonsmidlane (kommunen sine «sparepengar» i pensjonskassene, som skal nyttast til å innfri pliktene) auka med kr 19,6 mill., til kr 287,9 mill. Utrekna eigenkapital auka med kr 9,8 mill. til kr 126,6 mill., fordelt på reduksjon i samla fondskapital (inkl. mindreforbruk og udekka i investeringsrekneskapen) med heile kr 9,7 mill. og auka kapitalkonto med kr 19,5 mill.

Netto lånegjeld (lån minus unytta lånemidlar) var kr 150,3 mill. pr 31.12.17, mot kr 113,6 mill. året før.

Økonomiske nøkkeltal

(alle tal i kr)	Økonomiske nøkkeltal fra Gulen samanlikna med andre kommunar						(førebelse tal frå KOSTRA)
	Gulen 2013	Gulen 2014	Gulen 2015	Gulen 2016	Gulen 2017	Gruppe 05* 2017	
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	173,2	186,8	181,0	195,9	200,8	218,4	200,5
Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter	21,7	29,4	29,2	37,3	20,9	20,2	17,5
Frie inntekter i kroner pr innbyggjar	63 516	65 455	65 020	69 126	70 430	73 967	54 785
Netto lånegjeld i kroner pr innbyggjar	29 593	33 042	35 835	42 526	58 716	79 997	50 366

*Gruppe 05 er kommunar som kan samanliknast med Gulen, dvs. kommunar med få innbyggjarar, høge bundne kostnader og middels frie inntekter. Fram til 2013 var Gulen i gruppe 04 (få innbyggjarar, høge bundne kostnader og låge frie inntekter).

I Langsiktig gjeld inngår både vanleg renteberande gjeld og framtidige pensjonsplikter til tilsette i kommunen. Pensjonspliktene, som er ei form for avsetting av midlar til framtidige pensjonsutbetalingar, utgjer om lag 70 % av den langsigte gjelda. Nivået på desse pliktene er rekna utifrå statlege reglar. Renteberande gjeld (30 % av langsiglig gjeld) har auka noko dei siste åra, og ligg no rundt landsgjennomsnittet.

Arbeidskapitalen (omloppsmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditeten, dvs. om kommunen har pengar til å betale rekningane sine til rett tid. Gulen kommune har framleis over gjennomsnittleg god likviditet, men arbeidskapitalen vart kraftig redusert i 2017.

Frie inntekter fortel noko enkelt sagt om kor mykje av skatteinntekter og overføringer gjennom inntektssystemet som ikkje er bundne opp til dei vanlege lovpålagde driftsoppgåvane. Gulen og dei andre Gruppe 05-kommunane har høgt utgiftsbehov, ofte på grunn av mange folk i høg alder og stort areal pr innbyggjar. Dei frie inntektene i Gulen auka mindre enn utgiftsveksten i 2017.

Netto lånegjeld: Netto lånegjeld har auka noko dei siste åra, og ligg no mellom gjennomsnittet i gruppe 05 og landssnittet, etter eit rekordstort investeringsår i 2017.

KOSTRA-samanlikningar

KOmmune-STat-RApporting har vore i bruk i Gulen kommune frå 2001. Systemet, som ligg på nettsidene til Statistisk Sentralbyrå (www.ssb.no), gjev eit godt grunnlag for å samanlikne kommunar når det gjeld ressursbruk, sjølv om tala må tolkast med noko varsemd.

Viktige KOSTRA-funn om meldingsåret for Gulen kommune sin del:

- Innbyggjartalet gjekk ned med 26 personar, til 2 345, med færre i barnehagealder, i gruppa 16-66 år og i gruppa 67-79 år, og litt fleire i skulealder og over 80 år. Netto utflytting utgjorde 18 personar, etter innflytting på 15 i 2016. Fødselstalet på 20 var litt under gjennomsnittet dei siste åra.
- Kommunale prioriteringar: Netto driftsutgifter pr brukar var høgare enn snittet for samanlikningsgruppa 05 innafor dei store tenesteområda skule og pleie/omsorg, og lågare enn snittet innafor barnehagar, sosialteneste, barnevernteneste og administrasjon, styring og fellesutgifter.

Innafor Oppvekst var det store utslag frå 2016 til 2017 i netto utgifter pr brukar i barnehage. Utslaga jamnar seg ut over tid, som ein ser av tala for dei siste fem åra.

- Vekting av tenestene: Barnehage, Grunnskuleopplæring, Helse og omsorg og Brann- og ulukkesvern utgjer noko større del av nettoutgiftene i Gulen kommune enn i gruppe 05-snittet. Sjølvkosttenestene Vatn, Avløp og Renovasjon, som normalt skal syne 0, vart litt subsidiert i Gulen i 2017.

Innbyggjarar i Gulen pr. 31.12.	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
0-5 år	134	129	123	130	123	123	129	138	146	138
6-15 år	317	324	311	300	297	292	277	287	277	281
16-66 år	1 433	1 442	1 461	1 471	1 470	1 476	1 480	1 482	1 475	1 454
67-79 år	236	250	250	259	267	271	295	315	320	314
80 år og over	163	157	151	150	148	153	154	148	153	158
Til saman	2 283	2 302	2 299	2 310	2 305	2 315	2 335	2 370	2 371	2 345

Folkemengd, alder, pr. 31.12., %	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
0-5 år	5,9	5,6	5,4	5,6	5,3	5,3	5,5	5,8	6,1	5,9
6-15 år	13,9	14,1	13,5	13,0	12,9	12,6	11,9	12,1	11,7	12,0
16-66 år	62,8	62,6	62,6	63,7	63,8	63,8	63,4	62,5	62,1	62,0
67-79 år	10,3	10,9	10,9	11,2	11,6	11,7	12,6	13,3	13,5	13,4
80 år og over	7,1	6,8	6,5	6,5	6,4	6,6	6,6	6,2	6,5	6,7

Kommunale prioriteringar i Gulen samanlikna med andre kommunar (alle tal i kr)	Gulen 2013	Gulen 2014	Gulen 2015	Gulen 2016	Gulen 2017	Gr. 05 2017	Landet 2017
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar	141 520	134 716	145 077	123 526	155 913	158 443	145 339
Netto driftsutg. pr innb. 6-15 år, grunnskuleopplæring	141 240	149 718	151 732	165 148	165 858	154 140	110 444
- Utgifter til skoleskyss, per innbygger 6-15 år	4 373	4 339	4 258	4 292	3 932	4 707	2 194
Netto driftsutg. pr innbyggjar, kommunehelsetenesta	3 657	3 794	3 740	3 963	4 059	4 797	2 613
- Netto driftsutg. til diagnose, beh. og rehab. pr. innb.	2 750	2 788	2 781	2 835	3 102	3 805	1 798
Netto driftsutg. pr innb. 67 år og over, pleie og omsorg	144 021	148 840	144 637	152 078	158 441	129 254	116 247
Netto driftsutg. pr innb. 80 år og over, pleie og omsorg	399 118	433 955	452 480	470 150	473 316	411 046	410 374
- Andel innb. under 67 år som får heimetenester	1,5	1,5	1,5	1,4	1,5	2,5	2,1
- Andel innb. 67-79 år som får heimetenester	4,8	6,4	7,6	5,9	5,4	8,7	6,8
- Andel innb. over 80 år som får heimetenester	36,6	37,0	37,8	35,9	36,7	35,6	31,6
- Andel innb. 80 år og over som bur på institusjon	13,1	14,9	12,8	13,7	12,0	17,4	12,9
Netto driftsutgifter pr innb. 20-66 år, sosialtenesta	1 128	2 081	1 511	2 312	2 488	3 165	4 111
Netto driftsutg. pr innb. 0-17 år, barnevertenesta	4 822	5 258	4 340	4 648	4 292	8 888	10 273
Netto driftsutg. pr innb., adm., styring og fellesutgifter	8 095	8 536	8 282	8 550	9 355	10 306	4 164

Netto driftsutgifter for ymse tenester, målt i % av totale netto drifts utgifter	Gulen 2013	Gulen 2014	Gulen 2015	Gulen 2016	Gulen 2017	Gruppe 05 2017	Landet 2017
Administrasjon og styring	11,4	12,1	11,6	10,9	11,2	12,7	7,1
Barnehage	8,6	8,9	8,9	8,9	9,2	8,8	14,4
Grunnskoleopplæring	25,2	25,3	25,9	25	24,2	21,6	23,3
Helse og omsorg	44,0	47,5	45,1	44,2	43,4	40,0	34,3
Sosialteneste	1,0	1,7	1,6	2,7	2,9	4,3	6,4
Barnevern	1,4	1,5	1,2	1,2	1,0	2,1	3,8
Vatn, avløp, renovasjon/avfall	0,1	0,0	0,0	0,2	0,2	-0,3	-0,3
Fysisk planlegging/kulturminne/natur/nær miljø	1,3	0,9	0,5	1	0,5	1,2	1,2
Kultur	1,4	2,1	1,4	1,2	1,6	3,0	3,9
Kyrkje	1,6	1,5	1,8	1,8	1,4	1,6	1,1
Samferdsle	3,0	2,8	3,0	2,8	2,5	2,8	1,6
Bustad	-0,1	0,0	0,5	0,3	-0,2	0,2	0,2
Næring	-2,8	-3,0	-3,4	0,6	0,5	0,9	0,0
Brann og ulukkesvern	1,9	2,0	2,0	1,9	2,1	1,8	1,4
Ymse (t.d. premieavvik)	-0,2	0,0	-0,1	0	-0,5	-0,7	1,6

Kommunebarometeret - kvalitetsmåling

Basert på KOSTRA har Kommunal Rapport utvikla eit grunnlag for å samanlikne tenestekvalitet i kommunane i høve til ressursinnsats - Kommunebarometeret. Gulen kommune var på 103. plass av 428 kommunar i 2016 (185.-plass etter justering for inntektsnivå) - utifra 2016--indikatorane for målinga. Når det gjeld tenesteområde skårar kommunen vesentleg oversnittet på Grunnskule, Helse og Sosialhjelp, og vesentleg under på Barnehage og Kultur.

PERSONALSTATUS

Godkjende stillingar

Bemanning ved årsslutt:	2013	2014	2015	2016	2017
Godkjende stillingar (inkl. vedtekne endringar), årsverk	231,05	237,3	257	259	260,1

Auke i stillingar frå 2013-2015 skuldast mellom anna mottak av flyktingar, til dømes opprettning av stilling som flyktningkonsulent og auke av stillingar ved helsestasjon, barnehage, skule og norsksenter. Det er også endringar grunna auka barnetal i barnehagane og fleire brukarar innan pleie og omsorgssektoren. Auken 2015-2016

skuldast mellom anna at det gjennom året 2016 har vore auke av tenester på NAV og enkelte av skulane i samband med busetjing av flyktninger og oppretting av norsksenter. Det har også vore auka barnetal i barnehagane, auka spes.ped.tiltak og auke i heimetenestene i sone BBD. 2 sjukevikarstillingar innan pleie og omsorg er oppretta i 2016 og 2017. Det er redusert 0,7 stilling i sentraladministrasjonen og justert stillingar i andre einingar.

Sjukefråvær

Eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær (%)	2013	2014	2015	2016	2017
Gulen kommune	7,4	6,6	7,5	6,0	6,7

Tala er henta frå kommunen sitt eige fråværssystem, som inneholder både legemeldt og eigenmeldt sjukefråvær. Sjukefråværet, som i hovudsak er langtidsfråvær, var i 2017 på noksulunde same nivå som tidlegare år, men med ein liten auke frå 2016. Som på nasjonalt nivå er sjukefråværet i Gulen høgast innan pleie og omsorg.

Samarbeid med fagorganisasjonane

I 2017 var det fem møte med alle hovudtillitsvalde samla, mellom anna med drøfting og evaluering i samband med lokale lønsforhandlingar, drøfting av lønspolitisk plan, deltid og bruk av vikarbyrå. Det har også vore drøftingar med hovudtillitsvalde enkeltvis eller i grupper ved behov – mellom anna om arbeidstidsordningar, bemanning, tilsetjingar, omorganiseringar og ved individuelle saker.

Kompetanseutvikling

Gulen kommune sin kompetanseplan er gjeldande i perioden 2015-2019. Fleire tilsette er ferdige med utdanningar som følge av kompetanseplanane, og andre er i gang med utdanningar. Tre medarbeidarar tok fagprøve i 2017; to som barne- og ungdomsarbeidar og ein som helsefagarbeidar. Fleire medarbeidarar jobbar med å opparbeide nok praksis til å gå opp til fagprøve, mellom anna som helsefagarbeidar, barne- og ungdomsarbeidar og kokk. Vi har også medarbeidarar som held på med sjukepleiarutdanning og vernepleiarutdanning. Ein lærar har fullført vidareutdanning i matematikk i 2017, og fem lærarar held på med vidareutdanning i engelsk og matematikk. To tilsette har teke fagbrev som barne og ungdomsarbeidar, ein fullførte pedagogisk utdanning som kvalifiserer til å vere godkjent pedagogisk leiar og ein barnehagelærar fullførte slik utdanning i 2017. Ein medarbeidar held no på med utdanning som barnehagelærar. Det er gjennomført ei rekke andre kompetansehevingstiltak ved skular og barnehagar, i tråd med vedtatt kompetanseutviklingsplan for sektoren.

Vi har pr 31.12.17 til saman seks lærlingar; to lærlingar innan helsefag, to lærlingar innan barne- og ungdomsarbeidarlaget, ein lærling i byggdriftslaget og ein kokkelærling. I tillegg fullførte vi prosjektet «Opplæring og integrering» i sone Eivindvik – Gulen sjukeheim. Kommunen er med i ALIS-prosjektet gjennom samarbeid med andre kommunar, der ein av våre legar deltek.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Det har vore 2 møte i arbeidsmiljøutvalet. Tema for vernerundane 2017 var HMT-rutinar og bruk av kommunen sitt elektroniske kvalitetssystem. Det vart arrangert vernedag i dette temaet for einingsleiarar og verneombod. Bedriftshelsetenesta (Stamina) vart nytta til informasjon og kurs i nokre av einingane, oppfylging av sjukemelde og rådgjeving/involvering i konkrete arbeidsmiljøsaker. I tillegg hadde Stamina individuelle arbeidsplassvurderingar.

Diskriminering og likestilling

Gulen kommune har som mål at usakleg forskjellsbehandling ikkje skal skje ved tilsetjing eller anna saksbehandling. Vi drøfter reduksjon av deltidsstillingar med tillitsvalde og samarbeidar tett med tillitsvalde i tilsetjingssaker. Gulen kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass og praktiserer likestilling. Godt utbygde velferdsordningar gjer kommunen til

ein konkurransedyktig arbeidsplass, særskilt for kvinner. For å stimulere til fleire kvinnelege næringsetableringar vert kvinner prioriterte når det gjeld tilskot frå næringsfondet. 8 av 15 toppleiarar i Gulen kommune er kvinner. Over 80% av tilsette i Gulen kommune er kvinner.

Etikk

Kommunen legg vekt på at vår tenesteyting skal skje i samsvar med våre etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Gulen kommune. Retningslinjene viser også til verdiplattforma vår, "Samarbeid for utvikling", som seier korleis vi bør oppstre, og kva overordna mål tilsette skal jobbe etter. Verdiplattforma skal henge synleg på alle arbeidsplassar, og reflekterast over på personalmøte jamleg. Det vert også vist til Verdiplattforma på einingsleiarmøte og i informasjon til nytilsette.

ADMINISTRASJON, POLITIKK OG SAMFUNNSUTVIKLING

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består av Rådmannen m/stab, Ekspedisjonsavdelinga, Løns- og personalavd. og Økonomiavd. Ei viktig oppgåve er å førebu og følgje opp politiske saker til kommunestyre, formannskap, hovudutval og ymse andre råd og utval. Behandling av sektorovergripande saker, samfunnsutvikling, overordna styring, samordning og utføring av fellesstenester for heile kommuneorganisasjonen er andre viktige arbeidsoppgåver.

Politikk

	Utvikling i tal politiske saker				
	2013	2014	2015	2016	2017
Formannskapet	58	70	61	66	74
Kommunestyret	84	71	127*	101	96

* Det høge talet for kommunestylesaker i 2015 skuldast utpeiking av medlemar til ymse råd og styrer i samband med kommuneval.

Av viktige saker som vart behandla i kommunestyret i meldingsåret kan nemnast godkjenning av hovudprosjekt for fellesbygg med bustader på Dalsøyra, opplegg for nytaksering eigedomsskatt, Tour des Fjords i Brekke, Prestegardsstien i Eivindvik, ny veg og vassleidning til Skipavika, ny organisering av legetenesta, garanti for lån til Nordhordland helsehus, kommunal vassforsyning til Ånneland, utbygging av breiband i skulebygdene, revisjon av ulike kommunale planar, forskrifter og reglement, økonomisaker og arealplanleggingssaker.

Gulatingsprisen vart delt ut til Reidar Bøe på kommunestyremøtet i desember.

Fellesstenester

Rådmannen si leiargruppe har hatt fast møte på måndagane, einingsleiarane har samlast kvar månad og «husmøte» på kommunehuset har vore på planen månadleg. Desse organisasjonsinterne møta har auka kvaliteten på det samla arbeidet, til låg utgift for arbeidsgjevar.

Innfasing og oppgradering av elektroniske løysingar innafor dokument-, kvalitets- og løns- og personalsystem, telefoni, innkjøp, fakturabehandling og tilsetting har halde fram i meldingsåret. Innføring av nytt økonomisystem inkl. løns- og personalsystem frå 2017 har kravd mykje ressursbruk.

I saksbehandlingssystemet vart registrert 1 481 saker (1 627 i 2016), 10 433 journalpostar (10 624 i 2016) og 92 elektroniske møteutsendingar (67 i 2016). Skulekontorarkivet 1964-2003 vart avlevert til fylkesarkivet i mars. Infoposten vart utgitt med åtte nr.

Fokus på beredskap var relativt høgt som følgje av ei stadig høgare vektlegging av kommunal beredskap. Tre-fire øvingar vart gjennomført, og kriseleninga var operativ ved fleire hendingar gjennom året.

Samfunnsutvikling

Det interkommunale næringsselskapet Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) fekk ny dagleg leiar sommaren 2017. Etableringshjelp, profilering av kommunen gjennom eigne og andre sine arrangement og ymse andre oppgåver var viktige oppgåver i 2017.

Innafor satsinga på Tusenårsstaden Gulatinget saman med fylkeskommunen var Gulatingseminar 15. august med seremoni rundt attreising av den «keltiske» krossen ved Gulen kyrkje eitt av høgdepunkta, i tillegg til eit historisk første felles fylkestingsete for Hordaland og Sogn og Fjordane i Gulen 27. oktober. Nettverket med Frosta-, Eidsiva- og Borgarting gjorde framsteg i meldingsåret. Drifta på Flolid, med nokre arrangement, skjøtsel og guiding, vart utført som normalt.

Påfyll til næringsfondet utgjorde noko under kr 0,5 mill. i 2017. Tilgangen av nye søknader var god.

Innafor samferdslesektoren deltok Gulen kommune i Kystvegen Bergen-Ålesund og Stamvegutvalet for E39 i Sogn og Fjordane, og arbeidde for opprusting av Fv. 57. Konkrete planar for ein kystveg gjennom Sogn og Fjordane vart lagt ut på høyring, med frist i april 2017.

Gulen ungdomsråd hadde moderat aktivitet i 2017, og delte ut transporttilskot og arrangerte Ungdommens Kulturmønstring (UKM). Innafor kulturfeltet var Tour des Fjords i Brekke 25. mai eit stort og vellukka arrangement, elles vart arbeid knytt til spelemidlar, tilskot til kulturbygg og kulturmidlar utført som vanleg. Gulen kommune løyvde kr 75 000 til festivalen Utkant, som vart arrangert 28.-30. juli. Eit samarbeidsprosjekt med Statens Vegvesen om restaurering av Den Trondhjemske Postvej gjennom Gulen kom i stand i meldingsåret, og det vart løyvd midlar til ei dagsturhytte gjennom ei fylkesfemnande satsing.

Gulen folkebibliotek fekk i meldingsåret tilskot frå Nasjonalbiblioteket til arrangement og nye hyller på hjul til Brekke filial. Biblioteket hadde fleire arrangement i løpet av året, dei fleste i samarbeid med eitt eller fleire bibliotek i HAFS. I sommarmånadene hadde biblioteket god oppslutning i lesekampanjen Sommarles. Tenester for innvandrargrupper har blitt eit viktigare aktivitetsområde dei siste åra, med tinging av bøker på andre språk enn norsk, utlån av biblioteklokale til språkkafé og anna. Biblioteklokala har vore nytta meir og meir utafor opningstida, til strikkecafés, sjølvbetent utlån, lekselokale og anna.

Ni tilskot på kr 40 000 til bustadetablerarar, til saman kr 360 000, vart utbetalt. Interessa for kommunale bustadtomter var på normalt nivå, med sal av ei «gratistomt» (resttomter i eldre bustadfelt) i Brekke og to nye tomter i Hovden II.

Å legge til rette for vellukka busetnad og integrering av flyktningar har vore ei prioritert oppgåve også i 2017, men tilflyttinga stoppa opp i meldingsåret.

OPPVEKST

Oppvekstsektoren har frå skuleåret 2013-14 vore organisert i 4 einingar, som alle har barnehage-, grunnskule- og SFO-tilbod.

Skule

	Utvikling i elevtal i dei fire skulekrinsane				
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla elevtal
2013/2014	82	52	71	88	293
2014/2015 pr. 15.10.14	81	47	69	79	276
2015/2016 pr. 01.10.15	78	54	70	85	287
2016/2017 pr. 01.10.16	78	53	66	78	275
2017/2018 pr. 01.10.17	81	53	64	83	281

Elevtalet hausten 2017 gjekk opp slik det var varsle. Flytting til og frå gjorde at vi enda på 281 elevar. Dei tre neste åra går elevtalet ned med 12, 13 og 14 elevar med utgangspunkt i dei barna som no er i barnehage og skule.

Indikatorar og nøkkeltal	Gulen 2013/14	Gulen 2014/15	Gulen 2015/16	Gulen 2016/17	Gulen 2017/18	Sogn og Fj. 2017	Landet 2017
Årsverk for undervisningspersonale	38,9	37,9	40,0	40,8	41,5		
Tal elevar pr årsverk til undervisning	8,3	7,9	7,9	7,4	7,4	9,9	12,1
Lærartettleik samla (elevar pr lærar)	10,2	9,7	9,7	9,2	9,0	13,6	16,8
Lærartettleik 1.-7. steg	9,8	9,5	9,0	8,1	7,5	10,4	13,0
Lærartettleik 8.-10. steg	8,5	7,8	8,6	8,9	9,8	12,1	14,4
%-del av undervisning av tilsette med godkjend utdanning	92,7	97,4	91,6	98,8	96,2	95,5	95,9

Tal elevar pr lærar på barnesteget går ned, men den aukar på ungdomsseget. Dette er eit resultat av øyremerka styrkingsmidlar som vart løyvt for å gje fleire lærarar på småskulesteget og prioritering av dei yngste i samsvar med nasjonale føringar for ressursbruken. Vi har og greidd å skaffe kvalifiserte lærarar sjølv om vi har fem lærarar på vidareutdanning. Bruken av lærarar utan godkjent utdanning er lågare enn snittet for Sogn og Fjordane og Landet.

Grunnskulepoeng:

Grunnskolepoeng	2013	2014	2015	2016	2017	Snitt
Gulen	42,3	44,0	41,6	43,0	42,0	42,6
Sogn og Fjordane	41,2	41,5	41,2	41,5	41,6	41,4
Norge	40,0	40,4	40,8	41,2	41,4	40,8

Gulen har mindre skilnad på resultata mellom gutter og jenter enn i fylket og nasjonalt. På grunn av lågt elevtal varierer resultata for Gulen mykje frå år til år. Gjennomsnittet for Gulen-elevane er høgare dei siste fem åra enn snittet i fylket og landet, og resultatmålet for skulen er såleis oppnådd.

Utdrag frå Kvalitetsmelding 2017 for oppvekstsektoren i Gulen:

Det faglege samarbeidet mellom einingane har betra seg både for barnehage og skule. Det vil gjere det enklare å samordne lokalt rammeplan- og læreplanarbeid, og gjere nødvendige driftstilpassingar på sektoren som følgje av endra barne- og elevtal.

Hovudutvalet for Oppvekst har delteke på KS og fylkesmannen sitt opplegg om «Den gode barnehage og skuleeigar». Det lokale målet har vore å gjere prosessane rundt arbeidet med kvalitet meir opne, dvs. styrke deltakinga frå alle partar. Det har vore arbeidd med to tema:

- *Gjennomføre foreldreundersøkinga for skule og barnehage og sikre god oppfølging*
- *Betre dialog på dialogmøta og gje samarbeidsutvalet ei rolle i kvalitetsarbeidet*

Dette likar vi:

- *Gjennomført foreldreundersøkinga med god deltaking og grei oppfølging*
- *Gode munnlege tilbakemeldingar på læringsmiljøet i dialogmøta både frå føresette og elevar*
- *Språkkommuneprosjektet*
- *Stabilt gode resultat*

Utfordringar:

- *Rekruttere barnehagepedagogar og nye leiarar*
- *Revidere kvalitetsplanen*
- *Implementere ny rammeplan*
- *Tilpasser rutiner for arbeidet med skolemiljøet (opplæringslova kap. 9A) til endringar som gjeld frå 01.08.2017*
- *Tilpasser drifta til nedgang i elevtalet*

Spesialundervisning

Prosent av elevar som får enkeltvedtak				
2013/-14	2014/-15	2015/-16	2016/-17	2017/-18
7,1 %	5,9 %	4,7 %	4,7%	5,3

Skulefritidsordning (SFO)

Tal brukarar av skulefritidsordning					
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla tal
01.10.2013	9	7	5	6	27
01.10.2014	11	7	7	12	37
01.10.2015	13	15	7	12	47
01.10.2016	11	15	11	8	45
01.10.2017	20	13	10	16	59

Det er stor auke i bruken av SFO. Ein stadig aukande del av elevane på småskulesteget nyttar tilbodet. Skuleåret 2016/2017 var det 48% av elevane som nyttar tilbodet medan det i inneverande år er 63%. Ein slik auka bruk medfører auka kostnader for kommunen.

Barnehagar

Born i kommunale barnehagar, fordelt på avdelingane							
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eidsbotn	Haveland	Eivindvik	Samla tal
15.12.2013	27	17	16	12	6	16	94
15.12.2014	28	19	16	15		23	101
15.12.2015	29	16	32			21	98
15.12.2016	32	16	34			35	117
15.12.2017	25	16	34			37	112

Nedgangen i barnetalet frå desember 2016 til desember 2017 var berre fem barn. I førre årsmelding var det varsle om ein nedgang på ti. Vi har altså hatt tilflytting av barn i perioden. Barnetalet no er på eit nivå som gjer at vi har god kapasitet samla, men det er stor variasjon i årskulla i krinsane, så vi kan få situasjonar der vi slit med å gje tilbod til alle der dei helst vil vere.

Musikk- og kulturskulen

Elevar i musikkskulen					
01.10.13	01.10.14	01.10.15	01.10.16	01.10.17	
47	48	50	37	50	

Kulturskulen har prøvd ut nye tilbod, og det har medført at ein har fått fleire elevar.

OMSORG

Gulen kommune vart hausten 2016 formelt ein del av Helse Bergen med Haraldsplass Diakonale Sjukehus som vårt lokalsjukehus. Vi har no erfaring med eit heilt år som samarbeidspart. Det vil alltid vere ein del utfordringar i oppstarten av eit nytt samarbeid, men stort sett har det fungert greit. Fagpersonar frå Gulen er med i ulike nettverk, og vi tek del i overodna utval som til dømes samarbeidsutvalet i Nordhordland. Utvalet er breitt samansett med representantar frå øverste leiing i Helse Bergen, tillitsvalde, brukarrepresentantar og ein representant frå kvar kommune. Frå Gulen kommune møter kommunalsjef omsorg. Utvalet tek opp og diskuterer overodna strategi for helseføretaket, og kan kome med ulike innspel som vert tatt med vidare. Gulen tek og del i ulike samarbeidsprosjekt, m.a. Velferdsteknologiprosjektet. Ei ulempe for fagpersonar frå Gulen er at det går mykje tid i køyring. Møta er stort sett i Knarvikområdet.

Gjennomgang av pleie- og omsorgssektoren

Ressurssenter for omstilling i kommunene (RO) hadde i 2016-2017 oppdraget med å gjennomgå pleie- og omsorgssektoren i Gulen kommune.

Bakgrunnen for gjennomgangen var å redusere kostnadene i høve innsparingskrav i økonomiplanen.

Mandatet skisserte tre hovudfokusområde for gjennomgangen av pleie- og omsorgssektoren:

- Innretning av tenestene – struktur og samansetting
- Tenestetildeling, tenestenivå og forvaltningspraksis
- Ressursbruk

Tenestene til menneske med utviklingshemming skulle vurderast særskild, mellom anna utifrå eit ynskje om auka samordning av tenestene til menneske med utviklingshemming og open omsorg. I denne vurderinga skulle det også leggjast særleg vekt på funksjon og organisering av dagtilbod og alternativ organisering av den individuelle tenesta.

Parallelt med gjennomgangen av pleie- og omsorgssektoren, vart det utarbeidd ein plan for pleie og omsorg, med særleg vekt på handlingsdelen. Planen vart vedtatt i juni 2016.

Tre område vart prioriterte i samband med oppfølging av planen:

- Sakshandsaming/tenestetildeling: felles kartleggingsteam i alle soner; oppstarta oktober 2016
- Organisering av arbeidstid: ny turnus med langvakter; oppstart 01.05.2017
- "Den nye heimetenesta": oppstart hausten 2017

Status for handlingsplanen pr 31.12.17:

Gulen kommune har i 2017 brukt mykje tid og ressursar i utviklingsarbeidet, og prioritert områda i handlingsplanen

Felles kartleggingsteam er vorte ei permanent ordning. Alle nye og omfattande søknadar vert vurdert av teamet. God erfaring med denne organiseringa.

Gulen sjukeheim/Eivindvik sone har prøvd ut langvakter på helg. Etter evaluering hausten vart det starta opp med faste langvakter på helg, men i litt mindre skala enn ved oppstart. Resultatet er mindre vakanse på helg, og reduksjon av ein stilling på GS. Middagstidspunktet er flytta frå klokka 13:00 til 14:30. Fått til ein meir fleksibel bruk av personalet mellom institusjon og open omsorg i sone Eivindvik.

Som ein del av "Den nye heimetenesta" er arbeidet med å planlegge og innføre velferdsteknologi vorte eit hovudfokus. Arbeidet er organisert gjennom felles prosjekt med ni Nordhordlandskommunar.

Pleie og omsorg

Samhandlingsreforma vart innført frå 01.01.2012. Reforma skal vise veg framover, og gje helsetenestene ny retning. Hovudmåla er:

- | | |
|---|--|
| <ul style="list-style-type: none"> • Førebygge framfor å reparere • Få ulike ledd i helsetenestene til å jobbe betre saman • Flytte tenestene nærmare der folk bur • Fleire oppgåver til kommunane og pengar til å utføre dei | <ul style="list-style-type: none"> • Tidleg innsats framfor sein innsats • Samle spesialiserte fagmiljø som er sterke nok • Betre for pasientane, auka brukarmedverknad |
|---|--|

Gjennomføringa av reforma og oppbygging av helsetilbod i kommunane skal skje over noko tid, og gjev helse-, pleie- og omsorgstenestene nye og spanande utfordringar i åra framover.

I samband med reforma er utarbeidd ny felles lov for helse- og omsorgstenestene i kommunane og ny folkehelselov. Utifrå lovverket pliktar kommunane og sjukehusa å samarbeide, og kvaliteten skal kunne målast betre. Pasientar og brukarar vil få eit tilbod som heng betre saman.

Gulen kommune har greidd dei nye utfordringane rimeleg greitt. Vi opplevde i 2017 nokre flaskehalsar, med overbelegg på institusjon. I løpet av 2017 klarte vi å ta imot alle utskrivingsklare pasientar, i 2016 betalte vi for 6 døgn, i 2015 for 13 døgn.

Nye krav til kommunen set nye krav til kompetanse. Ein kompetanseplan med bakgrunn i nye krav er utarbeidd og politisk vedtatt. Nokre av oppgåvene i samband med reforma ser ut til å kunne løysast best med interkommunalt samarbeid. Gulen kommune har ØDH (Øyeblikkeleg DagHjelp)-plassar i samarbeid med Nordhordland interkommunale legevakt. Ordninga med interkommunal legevakt synest å fungere greitt for alle partar.

Pleie i institusjon

Institusjon					
	2013	2014	2015	2016	2017
Tal utskrivningar totalt	19	17	16	21	47
<i>Utskriving etter langtidsopphald</i>	11	6	5	4	14
- Av desse etter dødsfall	11	6	4	4	13
<i>Utskrivingar etter korttidsopphald</i>	3	11	11	17	33
- Av desse etter dødsfall	0	1	2	0	1
<i>Avlastning</i>	5	0	0	0	1

Gulen sjukeheim er delt i tre avdelingar for pleie: langtidsavdelinga har 12 plassar, rehabilitering og avlastning 8 plassar, dementavdelinga har 8 plassar,

ein plass har tidlegare vore nytta til avlastning. Siste året har plassen vore nytta til fast plass grunna stor trøng for fast institusjonsplass. Kommunen har nytta dagtilbod som alternativ for demente som bur heime. Tilboden er no fast to dagar i veka, og vert finansiert av prosjektmidlar frå Helsedirektoratet. Det syner seg at transport til og frå er ei utfordring å organiserer. Vi har nytta frivillige som sjåførar, og kommunal bil som transportmiddel. Kompetanseutvikling har vore satsa på. Tilsette har starta med ulike helsefagutdanningar. Kommunen har fått prosjektmidlar frå Helsedirektoratet til eige prosjekt knytt til pårørandeearbeid og lindrande omsorg. 20 % prosjektstilling har vore finansiert og knytt til prosjektet.

Prosjekt «Velkomen inn-pårørande på timeboka» er avlutta i 2017. Rutinane er no ein del av faste rutiner både på institusjon og i open omsorg.

Institusjonen har og fått prosjektmidlar frå Fylkesmannen til eit «Opplærings- og integreringsprosjekt». Prosjektet nyttar etisk refleksjon som metode.

Etter tilsyn frå Fylkesmannen har institusjonen utarbeidd nye og betre rutinar på oppfølging av rehabiliteringspasientar og tverrfaglege samarbeidsmøte. Arbeidet med rehabiliteringsavdeling har vore vidareført i 2017.

Open omsorg

Heimebaserte tenester					
	2013	2014	2015	2016	2017
Tal brukarar i året	98	111	112	108	106

Brekke, Byrknes og Dalsøyra sone, sone BBD, vart i 2013 slått saman til ei sone med felles einingsleiar. Ordninga fungerer etter intensjonen. Sone Eivindvik er ikkje med i samanslåinga. Dei ulike avdelingane (Brekke, Byrknes og Dalsøyra) er om lag like store og brukartalet er også mykje likt. Grunna nedbygging av sjukeheimen, og at pasientar vert tidlegare utskrivne frå sjukehus, med fleire oppgåver overført til kommunehelsetenesta, er det trøng for auka kompetanse på personalet vårt. Ei stor utfordring for sonene våre er å skaffe nok kvalifisert personale. Det er utarbeidd kompetanseplan for å betre stoda.

Sone BBD kjøper middag frå lokale leverandørar, og får varm mat levert frå leverandør alle dagar unntake laurdag. Laurdag lagar dei tilsette graut.

Sone BBD har ambulerande nattevakt stasjonert i Brekke og på Byrknesøy. Erfaring syner at nattevakta vert bunden opp med vedtak på bu- og omsorgssentra, og er lite tilgjengelege for brukarar ute i sona. Intensjonen bak ambulerande nattevakt er at tenesta skal vere tilgjengeleg for alle som bur i eigen heim.

Kommunale bustader (PU)

Ein del av omsorgstenesta er knytt opp til personar med nedsett funksjonsevne. I løpet av 2017 har 7 av 9 brukarar heildøgnsteneste, same talet som for 2016. Kommunen kjøper tenester på dagtid til ein brukar, medan open omsorg organiserer nattevakt. Sju vaksne brukarar får tenester i eigen heim av eige personale. Tenesta har ein brukar med vedtak på avlastning. To brukarar har fast bustad på Dalsøyra bu- og omsorgssenter. Tenesta driv og dagaktivitet for brukarane.

Det har vore stor byggeaktivitet i 2017, med bygging av fire nye bustader og nytt aktivitetssenter og kontorfløy. Prosjektet vert ferdigstilt før sommaren 2018.

Tenesta har arbeidd mykje med å organisere tilboda utanfor Dalsøyra bu- og omsorgssenter. Etter politisk vedtak har kommunen hatt ute anbodsrunde der private tenesteleverandørar kunne kome med tilbod til å drifta BPA. Ordninga vert sett i verk i løpet av våren 2018. Eininga har utarbeida informasjonshefte til pårørande, og rutiner for branngryggleik i eigen heim.

Helsetenestene

Ordninga med eigen einingsleiar fungerer godt, eininga har no faste personalmøte. Eininga omfattar helsestasjon/skulehelseteneste med 1,4 stilling helsesøster. Gulen kommune kjøper 20 % jordmorstilling frå Masfjorden kommune. Gravide frå Gulen reiser til Hosteland for konsultasjon med jordmor. Kommunen kjøper 20 % psykologtenester frå Masfjorden

commune. Psykologen har ein fast dag i veka i Gulen. Grunna stor arbeidsmengd har Gulen kommune auka opp med 20 % stilling psykolog frå sommaren 2017.

Gulen kommune har 1 stilling som ergoterapeut, fordelt på ein 80 % og ein 20 % stilling. Fysioterapitenesta er organisert med 70 % driftsavtale, og 130 % fastløn.

Legetenesta har i løpet av 2017 vorte 100 % kommunal. Alle tre legane er kommunalt tilsette, det same er hjelpepersonellet på kontoret. Ein av legane har slutta, og det er tilsett ny lege knytt til ALIS-vest prosjektet. Prosjekt som har som mål å rekruttere allmennlegar til kommunar. Prosjektet går over 5 år. ALIS-legen tek del i felles samlingar, og har vakter i Nordhordland legevakt i Knarvik.

Frå april 2013 vart Gulen kommune ein del av Nordhordland interkommunale legevakt, stasjonert i Knarvik. Ordninga gjer at legane i Gulen kommune har vakt på kvardagar frå kl 08.00 til kl 15.30. I resten av tida kjøper Gulen kommune legevakttenester i Knarvik. Ordninga synest å fungere godt for alle partar.

Psykiatritenesta omfattar 2,3 stillingar. Tenesta har og støttekontaktar og arbeidstiltak for nokre personar. Mål for drifta er å vere eit lavterskeltibod i forhold til psykisk helse. Innbyggjarane kan ta direkte kontakt og spørje om hjelp/informasjon, og det gjer dei. Tenesta er under omorganisering, og fagleiar slutta etter sommaren 2017. Einingsleiar helse har fungert som leiar. Det skal tilsetjast 100 % leiar psykisk helse og rus i løpet av ettermårsdagen 2018. Gulen kommune har eit demensteam på to personar, fordelt på ein 40 % stillingsressurs.

Gulen kommune starta opp Frivilligsentral i april 2015. Sentralen har 70 % stilling som dagleg leiar. Satsingsområda er delt opp i tre hovudpunkt:

- Motivere lag og organisasjonar til å halde fokus på folkehelse i sine aktivitetar
- Psykisk helse
- Integrering og inkludering

2017 har vore eit arbeidsår der vi har hausta erfaring med ulike arbeidsfelt.

Barnevern

Arbeid i barneverntenesta 2017	
Antal born som har hatt tiltak i 2017	42
Antall tiltak som har vore aktive heile eller deler av 2017	135
Antall born som har vedtak om råd og rettleiing (3.9) frå bvt.	31
Besøksheim bvt. har ansvar for(4.5)	14
Tilsynsansvar (tal born)	4
Tilsynsførarar vi har ansvar for	8
Antall born som får andre heimebaserte tiltak (3.7) (t.d. støttesamtalar, familiesamtalar, observasjon, COS, Marte Meo)	9
Fosterheimstiltak	0
Deltaking i nettverksmøter (6.2)	10
Deltaking i ansvarsgruppe/samarbeidsteam (6.4)	8
Andre tiltak (4.99) (t.d. samtaler med barn)	25

Arbeid i barneverntenesta 2013-16				
	2013	2014	2015	2016
Kontaktar med barn og unge	51	51	48	42
Tiltak (tal born)	47	39	53	40
Fosterheimstiltak	3	1	1	1
Tilsynsansvar (tal born)	5	3	3	3
Støttefamiliar	15	17	19	11
Fritidskontaktar	16	16	15	5
Tilsynsførarar	2	2	2	7
PMTO-tiltak (FMT i 2011)	1	1	2	1
Fosterheimar	3		1	0

Gulen og Masfjorden har frå 2016 hatt ei interkommunal barnevernteneste med Gulen kommune som arbeidsgjevar. Einingsleiar i Gulen er og barnevernsleiar i Masfjorden. Tenesta har fem tilsette, og er lokalisert i felles kontor på Hosteland, med gjestekontor i Eivindvik. Tilsette i tenesta har så langt positive erfaringar med samarbeidet. Tilbakemelding frå brukarane er også positive med omsyn til ny organisering.

Barnevernet har blitt tildelt midlar frå Fylkesmannen til kompetanseheving, som har vore nytta til ei 100 %-stilling; 50 % i Gulen og 50 % i Masfjorden. Barnevernet er ein del av KLAFF-gruppa, og deltek i det kommunale kriseteamet.

NAV

NAV					
	2013	2014	2015	2016	2017
Supplerande økonomisk sosialhjelp	32	22	20	20	24
Deltakarar, kvalifiseringsprogrammet	1	0	0	0	0

NAV Gulen vart etablert i mars 2009, og er et partnerskap mellom NAV og Gulen kommune. Kommunen

finansierer 0,5 stilling som leiar og 1,0 stilling som rådgjevar. I tillegg har kommunen 1,0 stilling som flyktningkonsulent og 1,3 stilling som miljøarbeidar, organisert av NAV.

Den kommunale tenestemenyen (tenester som før vart administrert frå sosialkontoret) er: Opplysning, råd og rettleiing, økonomisk rådgjeving, økonomisk sosialhjelp, individuell plan, kvalifiseringsprogrammet med tilhøyrande stønad, mellombels butilbod, bustøtte (Husbanken), startlån og tilskot (Husbanken) og gjeldsrådgjeving.

NAV Gulen og NAV Masfjorden arbeider med eit felles prosjekt der målet er å slå seg saman til eit eit kontor etter vertskommunemodellen. Saka skal politisk handsamast før sommaren 2018.

PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK

Frå 01.01.13 vart Plan, landbruk og teknisk eining (PLT) slått saman med Drift- og vedlikehaldseininga (DRV). PLT-eininga har eit stort arbeidsfelt og utfører om lag 25 årsverk, fordelt på om lag 40 tilsette. Det politiske hovudutvalet for plan og utvikling (HPU) behandla i meldingsåret 72 saker.

Planlegging

Kommuneplanar og reguleringsplanar bygg					
	2013	2014	2015	2016	2017
Oppstarta	4	6	1	4	0
Under arbeid	11	6	6	8	6
Fullførte/erstatta	7	9	6	1	1

Fleire tunge reguleringsplanar starta i 2016 og er framleis under arbeid. I 2017 starta arbeidet med revisjon av kommuneplanen.

Byggjesaker

Byggjeløyve for bustader, fritidsbustader og andre					
	2013	2014	2015	2016	2017
Heilårsbustader	7	6	13	19	18
Fritidsbustader	7	3	20	20	8
Andre bygg*	25	30	27	70	32

*Næringsbygg, garasjer, naust osb.

Byggjeaktiviteten tok seg opp i 2015-17, etter eit par rolegare år. I tillegg til sakene i tabellen er det handsoma bygge- og delingssaker for mindre bygg/reparasjonar og liknande. Totalt er det handsoma 156 dele-/byggsaker i 2017.

Kart og oppmåling

Kart- og oppmålingsarbeid					
	2013	2014	2015	2016	2017
Innkomne saker	63*	38	41	49	51
Fullførte saker	42	24	25	44	26
Utsende faktura	37	20	25	44	26

* Av desse er 40 stk. «reine» frådelingssaker, arealoverføringer og grensejusteringar. Resten er krav om endringar i matrikkelen, påvising av grenser og samanføyningar.

Aktiviteten innafor kart og oppmåling har hatt ein auke med omsyn til saker. Til tenesta ligg og retaksering for eigedomsskatt.

Landbruk

Produksjonstilskot i landbruket				Regionale miljømidlar		Avløysing ferie og fritid	
	Tal søkjurar	Utbetalt (mill.kr)	Tal mjølke- produsentar	Tal søkjurar	Utbetalt (mill.kr)	Tal søkjurar	Utbetalt (mill.kr)
2013	96	20,13	44	51	0,65	80	3,33
2014	96	20,45	43	44	0,54	76	3,42
2015	96	19,89	42	41	0,52	74	3,41
2016	96	22,62	40	38	0,48	71	3,49
2017	96		39	31			

Jordbruket er ei stor næring i kommunen med lite nedgang i talet på aktive brukarar dei siste åra. I 2017 vart det ikkje gjeve tilbod om BU-midlalar til tiltak i kommunen. Gulen fekk tildelt i kr 150 000 til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlalar) som vart fordelt mellom 3 søknader. Det har vore liten aktivitet i skogbruket.

Viltforvaltning

Hjortejakta i Gulen kommune				Fallvilt			Utfall			
År	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	Meldingar (stk)	Hjort (stk.)	Oter, ørn (stk.)	Daud på staden (stk.)	Ettersøk - ikkje funn (stk.)	Friskmeld (stk.)	Avliva (stk.)
2013	766	617	80,5	11	11	0	6	1	1	3
2014	748	604	80,7	18	18	0	6	4	5	3
2015	749	561	74,9	21	20	1	10	3	2	5
2016	754	672	89,1	18	18	0	11	1	0	6
2017	754	704	93,4	18	18	0	10	1	0	7

Gulen er av dei største hjortekommunane i Sogn og Fjordane. Det har aldri vore felt fleire dyr enn i 2017, og avskytinga var heile 93 %, noko som er svært høgt. I 2017 hadde kommunen 4 storvald og 38 ordinære vald. 21 vald er med i bestandsplanområdet som dekkjer delar av Gulen og nordvestlege delar av Masfjorden.

Veterinærtenester

Gulen administrerer veterinærtenestene for vaktdistrikt Høyanger (Høyanger, Gulen og Masfjorden). 4 veterinærar deler vaktene. Staten dekkjer mesteparten av ordninga.

Brann- og redningsvern, feiarteneste

Gulen og Masfjorden Brann og Redning (GMBR) hadde eit aktivt år. Dei fleste utrykkingane var som akutthjelpar (sjukdom). Nærleiksprinsippet har vore avgjerande for å lukkast. Det vart i løpet av året gjennomført fleire øvingar internt i brannvesenet og i samarbeid med andre aktørar. Det har elles vore gjort eit godt arbeid med å få på plass «øvingsstasjon» i Sløvåg.

Brannførebyggande arbeid skjer gjennom NGIB (Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggande avdeling). Det er avdekt behov for betre brannteknisk dokumentasjon for dei kommunale bygga, som vart arbeidd med i 2017.

Gulen var i heile 2017 med i felles feiarteneste for kommunane Modalen, Masfjorden, Solund og Gulen. Masfjorden kommune administrerer ordninga, som er brukarfinansiert.

Det er no krav om at også fritidsbustader skal feiast. Med denne bakgrunn er feiartenesta utvida med ein feiar til. Pr 31.12.17 står kr 53 355 på sjølvkostfond.

Vatn, avløp og renovasjon (VAR)

År	Oversikt vassforbruk	
	Eivindvik vassverk (m³ pr. år)	Vassforsyning Sløvåg (m³ pr. år)
2013	101 678	40 779
2014	80 429	39 899
2015	85 486	37 124
2016	67 138	51 321
2017	75 762	100 212

VAR-tenestene er sjølvkosttenester. Abonnentane betaler sjølv kostnaden med tenestene gjennom gebyr.

Vassforsyning: Gulen kommune eig anlegga i Eivindvik og Sløvågområdet, medan resten av vassverka i Gulen er private. Prosess for kommunal overtaking av Ånneland vassverk er oppstarta. Overtaking er planlagt etter at nytt anlegg er etablert i 2018/19.

Arbeidet med hovedplan for vatn(avløp) er starta i 2017.

Pr. 31.12.17 er sjølvkostfondet framleis i minus. Gebyrforskrifta vart endra i 2017, med sikte på tilpassing av satsar utifrå nyinvesteringar dei siste åra.

Eivindvik vassverk: Anlegget har fungert utan store feil og manglar.

Vassforsyning Sløvåg: Gjennom samarbeid med Masfjorden kommune har leidningsnettet og pumpekapasiteten no vorte oppdimensjonert til vesentleg høgare vassleveransar. Nytt høgdebasseng i Sløvåg som sikrar brannvasskapasiteten er i drift. Eit nytt driftsoperatørsystem er etablert. Kontrollen med vassleveranse og lekkasjar i Sløvåg er no svært tilfredstillande.

Avløp: I meldingsåret var det noko problem knytt til avløpssystemet på Byrknes, elles greitt. Pr 31.12.17 står kr 151 884 på sjølvkostfond.

Slamtømming: Kommunen har ansvar for slamtømming for ca. 1030 abonnentar. Det praktiske arbeidet er administrert av NGIR. Kommunen har tilsynsplikt i høve til private slamavskiljarar (*ureiningsforskrifta § 12 og 13*). Pr 31.12.17 er sjølvkostfondet i null.

Renovasjon: NGIR driv denne tenesta, og dette fungerer bra.

Bygg

PLT-eininga har rolla som kommunal byggdriftar og -forvaltar. Vaktmeistrane og reinhaldarane, med unnatak for reinhaldarane på Gulen sjukeheim og bu- og omsorgssentra, er plasserte innafor eininga. På forvaltningsida har kommunen dei siste åra skifta ein god del golvbelegg, vindauge, dører og taktekking. Ingen graverande avvik er kjende, men dokumentasjonen på bygningane er mangefull.

Den kommunale bygningsmassen og anlegga vert stadig eldre. Av samla bygningsmasse på 24 648 m² er heile 60 % over 30 år og 75 % over 20 år. Sett i høve til eigedomsstrategien frå 2012 ligg ein langt etter vedlikehaldsmessig.

Installasjon av ventilasjonsanlegg har vore satsa på dei siste åra, etter ymse tilsyn som har peikt på inneklima. Dei største investeringane har vore knytt til barnehagar og skular.

Vegar og uteanlegg

Gulen kommune har 130,5 km kommunale vegar. Både sommarvedlikehald og brøyting vert i hovudsak utført av private kontraktørar og entreprenørar.

I 2017 vart det lagt nytt fast dekke på Indre Oppedal til skytebana, vegane til Hantveit og Hauge og reasfaltering ved Rutle/Sollibotn. Det vart montert 1,4 km med rekkverk ved Eivindvikvegen, Kjellbjø, Brandanger og Byrknes (Gåta). Det er fortsatt 39 km med grusvegar, noko nedslitne asfaltvegar, manglande autovern og generelt mange oppgraderingsbehov på kommunale vegar.

Vedlikehaldsetterslep på 28 kommunale bruar og 20 kommunale kaier er rekna til om lag kr 10 mill. Tilstandsrapportar er utarbeidd på desse områda.

I tillegg til drift og vedlikehald av eigne uteanlegg, utfører eininga slått og vedlikehald på kyrkjegardane og på Flolid i høve til tenesteytingsavtalar med Kyrkjeleg fellesråd og Tusenårsstaden Gulatingset, og tenester for Hjelpemiddelsentralen og omsorgseiningane. Driftseininga har ansvar for mange arbeidsfelt, og eit stort kontaktfelt mot interne brukarar, leidgetakrar, kontraktørar, entreprenørar, eksterne tilsyn og innbuarane i kommunen.